

Tilskot frå Regionalt kulturfond Vestland

Vurdering og tildeling av tilskot skjer i tråd med fylkeskommunale styringsdokument:

- Utviklingsplan for Vestland 2024-2028
- Kultur bygger samfunn - regional plan for kultur 2023-2035, med tilhøyrande handlingsprogram og årsplan
- Handlingsprogram for folkehelse
- Rettleiar for tildeling av tilskot i Vestland fylkeskommune

Føremål

Tilskotsordninga Regionalt kulturfond Vestland skal bidra til gode lokalsamfunn og eit ope, inkluderande og mangfaldig kulturliv i heile Vestland. Ordninga skal bygge opp under visjonen «Kultur bygger samfunn» og hovudmålet «alle skal kunne delta, oppleve og skape» i Regional plan for kultur 2023–2035.

Tilskotsmidlane skal

- stimulere til auka aktivitet og deltaking i kulturlivet
- styrke samspel mellom profesjonelt og frivillig kulturliv
- forsterke lokal og regional kulturfrivilligheit
- bidra til auka kvalitet på kunst- og kulturtilbodet lokalt og regionalt

Retningslinjene er utforma i samsvar med [Forskrift om regionale kulturfond](#), fastsett av Kultur- og likestillingsdepartementet.

Søknadsfrist

Ordninga blir lyst ut minst ein gong i året. Hovudfristen er om våren. I tillegg kan ordninga bli lyst ut ein gong om hausten. Søknadsfristane blir kunngjorde på nettsidene til fylkeskommunen seinast éin månad før fristen.

Målgruppe for ordninga

- organisasjonar og institusjonar innan det frivillige og profesjonelle kulturfeltet i Vestland
- innbyggjarane i Vestland

Kven kan søke om støtte

- Ordninga gjeld for frivillige og profesjonelle aktørar innan kulturfeltet med aktivitetar i Vestland. Kulturfeltet gjeld i dette tilfellet aktørar med verksemd innan musikk, scenekunst, visuell kunst, litteratur, dataspel, film og kulturarv.
- Aktørane må vere registrerte i Einingsregisteret og ha hovudverksemda si i Vestland. Unntak kan vere andre norske kulturaktørar som gjennomfører prosjekt i Vestland.
- Aksjeselskap som søker må ha eit ideelt føremål i vedtektene. Unntak gjeld søknader som har mål om å bidra til å utvikle og styrke regionale bransjestrukturar for kulturell og kreativ næring i Vestland.
- Kommunar som søker må dokumentere samarbeid med minst éin aktør frå kulturlivet, og må bidra med minst 50 % eigendel. Det blir gjort unntak for kravet om eigenandel og tilleggskriteria i støttekategori 2 og 3 for prosjekt i regi av folkebibliotek i Vestland eller prosjekt der målgruppa er innbyggjarar over 67 år som treng særskild tilrettelegging.

Dette støttar vi - prioriteringar

Fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å bidra til mangfald og breidd i kulturlivet i heile fylket. Det blir derfor lagt vekt på at tilskota blir fordelte til tiltak med geografisk og sjangermessig spreing, som samla sett bidreg til ei breidd i kunst- og kulturuttrykk frå eit mangfald av stemmer og aktørar. Det er særleg viktig å støtte opp under kunst og smalare kulturuttrykk også i distrikta.

Det kan bli gitt tilskot til tiltak og aktivitetar i heile Vestland. Fylkeskommunen prioriterer følgjande i ordninga, jf. satsingar i regional plan for kultur:

1. prosjekt som bidrar til eit nyskapande og utforskande kulturliv
2. prosjekt som styrkar nettverk, kunnskap og/eller mangfald
3. prosjekt som bidrar til kunst- og kulturformidling og/eller som utviklar eller styrkar felles løysingar og samarbeid mellom aktørar i ulike delar av fylket
4. prosjekt som utviklar og styrker kulturelle og kreative næringar gjennom kompetanseheving, nettverksbygging eller tenesteutvikling
5. prosjekt i regi av folkebibliotek som fører til kompetanseheving av bibliotektilsette, utvida tilbod og betre tenester for publikum, og som er nyskapande eller nytt i det aktuelle biblioteket
6. prosjekt som legg til rette for profesjonell kulturformidling til personar over 67 år, med særleg prioritering av einslege heimebuande og institusjonsbuande (tidlegare Den kulturelle spaserstokken)

Søkarane skal velje ut éi prioritering og må i tillegg oppfylle eitt eller fleire føremål i ordninga.

Det kan ikkje bli gitt tilskot til

- a. *ordinær drift
- b. investering i eller vedlikehald av bygg eller anlegg
- c. større investeringar i utstyr, instrument eller faste installasjonar
- d. aktivitetar eller tiltak som hovudsakleg inneber idrett eller friluftsliv
- e. kausjon eller annan økonomisk garanti
- f. investeringar i tilskotsmottakars eigenkapital
- g. renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekt
- h. grunnutdanning eller reine forskingsprosjekt
- i. produksjonsfasen av kunst innan visuell kunst, musikk, scenekunst eller skjønnlitteratur, då ordninga ikkje er innretta for å vurdere tidleg fase av kunstprosjekt

* Eksempel på kva som ikkje blir rekna som ordinær drift:

- mellombelse prosjekt eller eingongstiltak med særskild finansiering
- pilotprosjekt for å teste nye metodar, formidlingsformer eller publikumsarbeid
- nyskapande eller eksperimentelle tiltak utanfor kjerneverksemda, t.d. i samarbeid med andre
- strategiske satsingar som inneber vesentlege endringar frå det ordinære tilbodet

Krav til søknaden

Søknadene må vere innanfor verkeområdet kunst og kultur.

Søkarar som har fått anna fylkeskommunal støtte må synleggjere korleis tiltaket går ut over ordinær drift eller allereie innvilga støtte.

Alle søkarar skal bruke nettbasert skjema og budsjett. Søknaden må vere sendt på rett måte innan søknadsfristen.

Det er mogleg å søkje om støtte til eittårige prosjekt. Unntak er støtte til prosjekt som bidrar til eit nyskapande og utforskande kulturliv og støtte til prosjekt som styrkar nettverk, kunnskap og/eller mangfald (prioritering 1 og 2), som kan få støtte i opptil tre år.

Ved søknadsbeløp over 100 000 kr skal søkar i tillegg legge ved:

- utdypande projektskildring eller prosjektplan
- plan for kommunikasjon og formidling av resultata frå prosjektet

Slik vurderer vi søknadene

Ordninga har tre ulike støttekategoriar for søknadsbeløp (sjå «Slik fastset vi støttebeløp» under). Søknader i alle tre støttekategoriar må vere relevant for eit eller fleire føremål og minst ei av prioriteringane.

Ved søknadsbeløp over 100 000 kr (støttekategori 2 og 3) gjeld desse tilleggskriteria:

Søknadene blir vurdert utifrå kriterium om behov og relevans:

- Prosjektet må vere relevant for kulturlivet i Vestland.
Det inneber at prosjektet anten har betydning utover éin kommune, og/eller at det bidreg til utvikling av kulturfeltet i Vestland gjennom kvalitet, eigenart, nyskaping eller ved å styrkje samarbeid, kompetanse eller struktur i feltet.
Ved vurderinga av regional relevans blir det lagt størst vekt på prosjektet sitt innhald og utviklingsbidrag, innanfor ei heilskapleg vurdering av den enkelte søknaden.
- Det er gjort greie for prosjektet sitt behov og relevans (t.d. ved å vise kva andre aktørar gjer, kor det er manglar i eit tilbod, kva som er nytt i sektoren/bransjen e.l.).

Søknadene blir vurdert utifrå kva resultat prosjektet planlegg å oppnå:

- søkar skal vise korleis prosjektet kan nå måla i ordninga og korleis målgrupper og publikum kan dra nytte av tiltaket
- søkar må skildre kommunikasjons- og formidlingsaktiviteter for å nå ut til aktuelle målgrupper
- søkar skal gjennom prosjektutforminga og gjennomføringa ta omsyn til klima- og miljø
- søkar skal gjennom prosjektutforminga og gjennomføringa ta omsyn til kjønnsbalanse, inkludering og mangfald

Søkar må vere merksam på at søknadene kvart år blir vurdert på nytt opp imot samla søkarmasse.

Slik fastset vi støttebeløp

Regionalt kulturfond er finansiert gjennom midlar som er sett av i statsbudsjettet frå Kultur- og likestillingsdepartementet, i tillegg til fylkeskommunen sine egne budsjettmidlar.

Det kan bli gitt støtte til eitt- eller fleirårige prosjekt. Ved fleirårige prosjekt blir heile søknadssummen løyvd første året det blir løyvd midlar til prosjektet, men midlane blir utbetalt over 3 år.

Ordninga har tre ulike støttekategoriar:

1. 10 000 – 100 000 kr: mindre prosjekt med kort planleggingshorisont
2. 100 000 – 300 000 kr: større krav til relevans for kulturlivet i Vestland
3. 300 000 – 1,5 MNOK kr: særleg store krav til relevans for kulturlivet i Vestland

Særskilt omfattende regionale prosjekt kan gå ut over maksimalt søkt beløp

For prioritering 1 - 4, er det forventa at søkar budsjetterer med andre kjelder for finansiering, og dette kan spele inn på vurderinga av prosjektet. Det er krav om minst $\frac{1}{3}$ eigenandel. Eigenandelen kan anten vere eigeninnsats eller egne midlar. For prioritering 5 og 6 gjeld ikkje kravet om eigenandel.

Midlane blir tildelte i samsvar med gjeldande [regelverk for offentleg støtte](#), jf. EØS-avtalen artikkel 61 (1). Dersom tiltaket inneber økonomisk aktivitet, kan statsstøtteregelverket avgrense kor stort tilskot som kan givast.

Slik behandlar vi søknadene

Vestland fylkeskommune legg forvaltningslova til grunn for all søknadsbehandling. Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jf. forvaltningslova.

Avdeling for kultur og folkehelse førebur og gjer kulturfaglege vurderingar av søknadene, som blir lagt fram for politisk behandling og vedtak i hovudutval for kultur, idrett og inkludering.

Fylkeskommunen gjer enkeltvedtak i kvar søknad. Vedtak om tilskot eller avslag skal grunngjevast, i tråd med forvaltningslova. Søknadene skal vanlegvis vere behandla innan tre månader etter søknadsfristen.

Klage

Du kan klage på enkeltvedtak som fylkeskommunen har gjort, i tråd med forvaltningslova § 28 andre ledd. Klagefristen er tre veker og blir rekna frå den du fekk melding om vedtaket.

Klagenemnda i fylkeskommunen behandlar klaga. I klaga må du skrive kva vedtak du klagar på, kvifor du meiner vedtaket er feil, og kva du ønskjer endra. Du sender klaga til Vestland fylkeskommune.

Oppfølging og rapportering

Tilskotet skal brukast slik det står i retningslinjene og i vedtaket om tilskot. Prosjektet skal gjennomførast på den måten og i det tidsrommet som er oppgitt i søknaden. Dersom det skjer vesentlege endringar i prosjektet, må tilskotsmottakaren melde frå skriftleg til saksbehandlar for vurdering og godkjenning.

Tilskotsmottakar skal levere rapport om bruken av tilskotet til fylkeskommunen når prosjektet er avslutta. Fylkeskommunen kan og krevje rapport undervegs. Sluttrapporten skal innehalde rekneskap for prosjektet og annan informasjon som er nødvendig for at fylkeskommunen kan kontrollere bruken av midlane og oppfylle sine plikter. For tilskot over 500 000 kr skal rekneskapen vere stadfesta av revisor.

Fylkeskommunen kontrollerer at tilskotet er brukt i tråd med føresetnadene, basert på ei vurdering av risiko og vesentlegheit. Tilskotsmottakar skal gje alle nødvendige opplysningar dersom fylkeskommunen ber om det.

Fylkeskommunen kan krevje heile eller delar av tilskotet tilbake dersom det er utbetalt tilskot i strid med retningslinjene, eller om tilskotet ikkje er nytta i samsvar med føresetnadene for tildelinga.

Tilskot frå regionalt kulturfond Vestland

Type dokument: Retningslinjer

Utarbeidd av: Avdeling for kultur og folkehelse

Godkjend av: Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Godkjend dato: 11.03.2026

Gjeld frå: 11.03.2026

Revidert dato:

Arkivsak: :2024/54088-19

Side 4 av 5

Andre krav

Følgekort (ledsagerbevis)

Dersom ein tilskotsmottakar arrangerer eit arrangement der det blir teke betalt, gjeld dette: Personar som har følgekort, og som kjøper ordinær billett til arrangementet, skal få ein gratis billett til følget sitt.

Tilskotsmottakar kan og tilby ei rabattordning, så lenge den samla prisen for personen med følgekort og følget ikkje blir høgare enn prisen for éin ordinær billett.

Eigeninnsats – forklaring

Timesatsen for prosjektmedarbeidarar og deltakarar skal dekke faktiske kostnader, og reknast med 0,9 % av brutto årslønn, avgrensa oppover til 1 000 kr per time.

Verdien av eigeninnsats/dugnadstimar skal reknast likt som kjøp av tilsvarande innsats i den kommersielle marknaden. Der dette ikkje er mogleg blir nytta ein sats på 300 kr/time. Eigenøving, eller deltaking på øvingar i forkant av ei framsyning/konsert kan ikkje reknast som eigeninnsats.

Ved sluttrapportering skal reelle kostnader for eigeninnsatsen gå fram av prosjektrengskapet.